

KOMMISJONSDIREKTIV 96/86/EF

av 13. desember 1996

**om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 94/55/EF
om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om
veittransport av farlig gods(*)**

(Tekst som er relevant for EØS)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 94/55/EF av 21. november 1994 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om veittransport av farlig gods⁽¹⁾, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåttane:

Vedlegg A og B til den europeiske avtala om internasjonal vegtransport av farleg gods (ADR), med endringar, bør leggjast til direktiv 94/55/EF som vedlegg A og B og nyttast ikkje berre på transport over landegrensene, men òg på transport innanfor dei einskilde medlemsstatane.

Vedlegga til direktiv 94/55/EF inneheld ADR i den utgåva som gjeld frå 1. januar 1995, og som seinare er kunngjort på alle språk⁽²⁾.

ADR vert ajourført annakvart år, og følgjeleg tek ei ny utgåve til å gjelde 1. januar 1997.

I medhald av artikkel 8 må endringar som er naudsynte for å tilpasse vedlegget til den vitskapelege og tekniske utviklinga på dei områda direktivet omfattar, og som har til føremål at det skal svare til dei nye reglane, vedtakast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 9.

Det er naudsynt å tilpasse sektoren til dei nye reglane i ADR, og difor må vedlegga til direktiv 94/55/EF endrast.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er nemnt i artikkel 9 i direktiv 94/55/EF -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 335 av 24.12.1996, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 7/97 av 14. mars 1997 om endring av EØS-avtalens XIII (Transport), se denne utgaven av De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 319 av 12.12.1994, s. 7.

(2) TEF nr. L 275 av 28.10.1996, s. 1.

Artikkel 1

I direktiv 94/55/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Vedlegg A skal lyde:

«Vedlegg A omfatter bestemmelsene i margnr. 2 000-3 999 i vedlegg A til den europeiske avtale om internasjonal veittransport av farlig gods (ADR) slik den får anvendelse fra 1. januar 1997, idet «kontraherende part» erstattes med «medlemsstat».

NB: Utgaver på alle Fellesskapets offisielle språk av teksten fra 1997, som endrer den konsoliderte teksten fra 1995 til vedlegg A til ADR, vil bli kunngjort så snart den foreligger på alle språkene.»

2. Vedlegg B skal lyde:

«Vedlegg B omfatter bestemmelsene i margnr. 10 000-270 000 i vedlegg B til den europeiske avtale om internasjonal veittransport av farlig gods (ADR) slik den får anvendelse fra 1. januar 1997, idet «kontraherende part» erstattes med «medlemsstat».

NB: Utgaver på alle Fellesskapets offisielle språk av teksten fra 1997, som endrer den konsoliderte teksten fra 1995 til vedlegg B til ADR, vil bli kunngjort så snart den foreligger på alle språkene.»

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 1. januar 1997. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 13. desember 1996.

For Kommissjonen

Neil KINNOCK

Medlem av Kommissjonen